

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 06.02.2018

Emil Gadolin (A) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Ber om at handlingsplan mot trakassering/mobbing av lærlingar og lærekandidatar vert omtalt spesifikt i den komande kvalitetsmeldinga.»

Rosalind Fosse (FRP) sette fram slikt forslag:

«Utval for opplæring og helse ber om tilbakemelding om prosedyrane for handtering av trakassering/mobbing verkar etter intensjonen.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Gadolin og Fosse sine forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for opplæring og helse sluttar seg til handlingsplanen mot trakassering/mobbing av lærlingar og lærekandidatar.

Ber om at handlingsplan mot trakassering/mobbing av lærlingar og lærekandidatar vert omtalt spesifikt i den komande kvalitetsmeldinga.

Utval for opplæring og helse ber om tilbakemelding om prosedyrane for handtering av trakassering/mobbing verkar etter intensjonen.